



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1863 - 17/20512

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

06.07.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 238/41 Eknes indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.06.17.

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve frå eksisterande fritidsbustad.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område omfatta av kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023, arealet er avsett til LNF-føremål.

Søknad om utsleppsløyve og etablering av slamskiljar til fritidsbustad i område avsett til LNF-føremål krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan.

Vidare ligg eigedomen innanfor byggeforbodet langs sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8. Søknad om utsleppsløyve og etablering av slamskiljar på eigedomen krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

Søknad om dispensasjon vil måtte sendast på høyring.

Privatrettslege tilhøve

Det er lagt ved side 1 av tinglyst blankett – rettighet i fast eigedom, side 2 kan vi ikkje sjå å ha motteke, det er uklart kva rettighet gbnr. 238/1 har gjeve til gbnr. 238/41 då dette går fram av side 2 i blankett rettighet i fast eigedom.

Nabovarsling

Vi kan ikkje sjå å ha motteke dokumentasjon på nabovarsling, gjenpart og kvitteringsliste.

Slamtømming

Vi ber om at det vert dokumentert at tømming av slamskiljar let seg gjere gjennom ordinær tømmeordning. Det vil sei at det må vere mindre enn 100 meter til køyrbar veg (normalt 8 tonn akseltrykk) og maks 8 meter løftehøgde.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Etablering av leidningstrasé

Kommunen er kjent med at gbnr. 238/49 og gbnr. 238/57 er påkobla kommunalt vatn og har slamskiljar. Kommunen har ikkje kjenskap til eventuell leidningstrasé frå nemnde eigedomar.

Etablering av sjøleidning i området bør tilretteleggjast for tilkobling for fleire eigedomar. Dersom det ligg leidning til sjø på eigedom gbnr. 238/49 og/eller gbnr. 238/57 så vil det vere naturleg at eigedom gbnr. 238/41 koblar seg på eksisterande sjøleidning.

Ved eventuell etablering av ny sjøleidning vil det vere eit føremon at leidning etter gjennomført tiltak ikkje ligg opp i dagen. Vi ber difor om at det gjer greie for korleis legging av leidning er planlagt.

Så fremt leidningstrasé ikkje gjev permanente sår i terrenget vurderer vi det ikkje som naudsynt med dispensasjon frå LNF-føremålet for etablering av sjølve traséen. Sprenging i svaberg for legging av leidning vil krevje søknad om dispensasjon, legging av leidning opp på svaberg vert ikkje godkjent.

Etablering av sjøleidning krev vedtak etter farvsslova, slik søknad sendast til Bergen og omland hamnevesen.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon for etablering av slamskiljar i område avsett til LNF-føremål i kommuneplanen sin arealdel.
2. Søknad om dispensasjon for etablering av slamskiljar innanfor byggeforbodet langs sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8.
3. Søknad om dispensasjon skal nabovarslast.
4. Dokumentasjon på nabovarsling.
5. Side 2 av tinglyst rettighet for eigedom gbnr. 238/41 over eigedom gbnr. 238/3.
6. Dokumentasjon på at slamskiljar kan tømmeast via ordinær slamtømmeordning.
7. Dokumentasjon på korleis legging av leidning er tenkt gjennomført.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.08.17.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harald Nordås	Eidsvågveien 100 A	5101	EIDSVÅGNESET
Jannicke Myran og Harald Nordås	Eidsvågveien 100 A	5101	EIDSVÅGNESET
Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
-------------------------	---------------	------	----------